
MØTEPROTOKOLL

Utvalg: Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 25.03.2019
Møtets varighet: 10:00 – 15:25
Sted: Storhornet, adm.-bygget Ålesund
Saksnr.: BU15/19 – BU23/19
Arkivsak:

Møteleiar: Ingrid Løset

Møtande medlemmer:

Ann Helene Skare
Atle Tangen
Hilde Marie Kleiven
Inger Nossen Sandvik
Torill Bøe
Anne Grete Mongstad
Asbjørn Ringdal Gausdal
Jakob Strand

Fra administrasjonen møtte:

Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (referent)

Andre:

Helge Ristesund
Mariann H. Gammelsæther (under orientering om kontaktlegeordninga)

Forfall:

Ingen

BU15/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner innkalling og saksliste og protokoll 02/19 blei underteikna.

BU16/19 Orientering frå ass. direktør Helge Ristesund

- Spesiell situasjon i helga med cruise-skipet som havarerte og som viste korleis samarbeid på tvers av etatar og kommunegrensar kan fungere på ein forbilledleg måte.
- Lena B. Waage er tilsett som samhandlingssjef.
- Stort engasjement i befolkninga knytt til sakene på styremøtet kommande onsdag.
- Innleiing om styresakene/budsjett-saka
 - Drift med underskot i fleire år. Det har vore forsøkt tiltak/prosjekt som skulle betre økonomien uten å ha gitt ønska og nok effekt økonomisk. Dei har hovudsakleg gjeve positiv effekt på kvalitet.
 - Helse Møre og Romsdal har hatt ein benchmarking mot andre helseforetak knytt til bemanning i administrasjon. Fagavdelinga skal ta sin del av reduksjon på lønsutgiftene.
 - Fødetilbodet: samle fødemiljøa ved Molde og Kristiansund sjukehus før SNR. Står også i utviklingsplana.
 - Sjøholt: KPHR foreslår å legge om drifta på Sunnmøre ved å legge ned Sjøholt DPS og flytte sengeplassane til dei andre DPS-ane på Sunnmøre samt seksjon for utgreiing og behandling psykisk helse Ålesund. Samstundes skal man utvide det ambulante tilbodet.
 - SNR – eigargjennomføringsstrategi: utarbeidd eit nytt mandat for den vidare prosessen. Mandatet skal forankrast i styret for Helse Møre og Romsdal.
 - Styrets årsberetning og årsmelding – formalia.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringane til vitande

BU17/19 Orienteringssaker

Brukarutvalet fekk orientering om:

- Status sekretariat for Brukarutvalet v/ Marianne Gravem
- Kontaktlegeordninga v/ medisinsk fagsjef Mariann H. Gammelsæther

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringane til vitande.

Takkar for orienteringa frå Mariann H. Gammelsæther om kontaktlegeordninga og ser denne ordninga er viktig for dei aktuelle pasientane. Dette gjev pasientane tryggleik.

BU18/19 Munnleg orientering frå møter i råd og utval HMR

- Virtuelle konsultasjoner, St.Olav v/Hilde Marie Kleiven og Jakob Strand
- Lokalt samhandlingsutval Volda v/ Asbjørn R. Gausdal
- Overordna samhandlingsutval v/ Ingrid Løset
- Styringsgruppa DPS Sjøholt v/ Ingrid Løset
- Forhandlingsutvalet for revisjon av samhandlingsavtalen v/ Ann Helene Skare
- Ros-analyse rehabiliteringsprosjektet v/ Hilde M. Kleiven og Inger Nossen Sandvik
- Fire møter i styringsgruppa til rehabiliteringsprosjektet v/ Hilde M. Kleiven og Inger Nossen Sandvik
- Lokalt samhandlingsutval Molde og Kr.sund – fellesmøte v/ Ann Helene Skare og Anne Grete Mogstad
- ROP/Vestmo v/ Ann Helene Skare
- ROS-analyse psykiatri-tilbudet Nordmøre og Romsdal v/ Ann Helene Skare
- Leiargruppa i psykiatri – «mandat til brukarutval i klinikkråd» v/ Ingrid Løset
- Ros-analyse outsourcing renhald v/ Atle Tangen
- FTV/HVO-møte 18.03.2019 om «budsjett 2019 og operasjonisering av utviklingsplan» v/Asbjørn R. Gausdal
- Arbeidsgruppe for DPS Nordlandet v/ Ann Helene Skare. Bedt om en uttale frå brukarutvalet om å flytte DPS til DMS Kr.sund.

BU19/19 Referatsaker (utan saksframlegg)

- Protokoll frå styremøte 20.02.2019
- Protokoll frå Overordna samhandlingsutval 08.03.2019

BU20/19 Utnemning av representant til styringsgruppe for effektive pasientforløp

Vedtak:

Brukarutvalet utnemner Jakob Strand som representant i styringsgruppa for effektive pasientforløp, det såkalla «sengepostprosjektet». Ingrid Løset vert vara.

BU21/19 Styresakene til 27.03.2019

Ingrid Løset, leiar i brukarutvalet, ba brukarutvalet om ei vurdering av si habilitet i saka. Ingrid Løset gjekk ut av rommet mens brukarutvalet tok stilling til hennar habilitet. Brukarutvalet er enstemmig einig i at leiar i brukarutvalet er habil i saka.

Innspel frå brukarrepresentantane (Hilde Marie Kleiven og Inger Nossen Sandvik) i styringsgruppa til rehabiliteringsprosjektet. Høgtlesing frå utdelt ark som leggst ved protokollen.

Ordet fritt med innspel frå representantane i brukarutvalet på rehabiliteringsprosjektet.

Vedtak:

Brukarutvalet har følgjande innspel til styresakene:

«Oppfølging budsjett 2019 og operasjonisering utviklingsplan»:

Brukarutvalet har forståing for at noko må gjerast for å gjere Helse Møre og Romsdal økonomisk og fagleg berekraftig.

1. Rehabiliteringsprosjektet: Brukarutvalet kan ikkje slutte seg til tilrådinga vedrørende nedlegging av Aure i 2019 og Mork i 2020.

Brukarutvalet meiner at prosessane og framdrifta ikkje har vore gode nok.

Brukarutvalet viser til vedlagde uttale frå brukarrepresentantane i styringsgruppa til rehabiliteringsprosjektet i Helse Møre og Romsdal mars 2019. Brukarutvalet vil og peike på at forslaget vil medføre at tilbod om bassengtrening i Helse Møre og Romsdal vil verte avvikla. Dette vil auke risikoen for sterk vekst i gjestepasientkostnadar.

2. Fødeprosjektet: Brukarutvalet er i tvil om val av tidspunkt for samanslåing av fødeavdelingane i Kristiansund og Molde er riktig. Brukarutvalet føreset at det faglege tilbodet og tryggheta til dei fødande vert teken i vare.
3. DPS Sjøholt: Dersom styret for Helse Møre og Romsdal vedtek at Sjøholt DPS vert nedlagt, så føreset brukarutvalet at det er kapasitet på Vegsund DPS og ved seksjon for utgreiing og behandling psykisk helse Ålesund, og at det ambulante teamet som skal etablerast vert av god kvalitet og har kapasitet til å gje pasientane minst like godt tilbod.
4. Outsourcing reinhald: Brukarutvalet føreset at kvaliteten på reinhaldet må vere god uavhengig av val av løysing.
5. Brukarutvalet støttar dei andre skisserte tiltaka i «budsjett-saka».

BU22/19 Eventuelt

Vedtak:

I arbeidsgruppa for «Barn som pårørende» står Ann Helene Skare som medlem og Judith Fugelsnes som vara. Det er ønskeleg med ei bytte av rollane. Judith Fugelsnes er medlem og Ann Helene Skare er vara.

BU23/19 Godkjenning og signering av møteprotokoll 25.03.2019

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner protokoll 03/19 frå 25.03.2019.

Ålesund, 27.03.2019

Neste møte er 13. mai 2019

Møtet slutt kl. 15:25

Ingrid Løset

Ann Helene Skare

Inger Nossen Sandvik

Atle Tangen

Asbjørn R. Gausdal

Anne Grete Mogstad

Torill Bøe

Jakob Strand

Hilde Marie Kleiven
